

Velkommen

Årsmøte for Vikebygd Grendautval

Org.nr. 911 694 654

Tysdag 25.11.2014 kl. 19.00 på Bygdahuset



Årsmøte 2014

Det blir kalla inn til årsmøte i Vikebygd Grendautval

Tid: Tysdag 25. november kl. 19.00

Stad: Vikebygd Bygdahus

Dagsorden:

1. Opning av møtet og godkjenning av innkalling
2. Val av møteleiar og referent
3. Godkjenning av sakslista

Sakslista:

1. Årsberetning 2014
2. Rekneskap 2014
3. Forslag av saker frå styret
4. Innkomne forslag
5. Val

Forslag som ein vil behandla på årsmøtet må vere styret i hende seinast 14. november 2014.

Etter årsmøtet vil Grendautvalet orientera om saker som gjeld alle i bygda vår.

Ordfører Ole Johan Vierdal kjem.

«Vikebygd si framtid, kommunens tankar omkring dette»

Vel møtt

Styret

Vikebygd Grendautval vart vinteren 2013 stifta som lag/foreining i Brønnøysundregisteret, org.nr: 911 694 654.

Nytt styre vart vald etter førre årsmøte 28/11-2013 på Bygdahuset. Styresamansetninga vart sett saman som følgjer:

Leiar: Lauritz Bjørnevik

Nestleiar: Frantz Lea (2 år)

Sekretær: Bergfrid Kolltveit

Kasserar: Even Bjørnevik (2 år)

Styremedlem: Jens Morten Koltveit (2 år)

Vara: Jakob Rødde

Valkomité: Rune Hetland (1 år)

Rolf Alne (1 år)

Johan Owe (2 år)

Revisorar: Gunnar Birkeland (2 år)

Atle Barane

Årsmelding Vikebygd Grendautval 2014

Vikebygd Grendautval har hatt rundt 7 styremøter og fleire vegmøter med fleire involverte, noko me vil kome tilbake til litt seinare.

Fyrsteprioriteten til Grendautvalet har i år vore, som de sikkert har lagt merke til, "Prosjekt Bryggjebakken". Det har vore mykje arbeid med å skaffa nok pengar til prosjektet slik at me skulle få full utteljing for pengane frå VAF. Som krona på verket skal me få satt opp ei grillhytte med lokalt tømmer frå Skartland. Me har ei kostnadsramme på kr. 270 000, der VAF bidreg med halvparten (kr. 135 000). Resten av pengane og det me elles har hatt behov for har me samla inn lokalt frå privatpersonar, bedrifter og ulike fond.

Me jobbar med å få satt opp ei informasjonstavle på utsida av butikken, Rolf har gitt klarsignal for ei tavle med belysning på veggen på det nye inngangspartiet. Der vil me ha litt ulik informasjon om bygda, tomter o.l. Me trur dette kan vere eit godt tilskot for å få fleire til å opne augo for kva bygda har å by på.

Informasjonsfolder for Vikebygd vil òg bli utarbeida.

Me planta i pottar og tønner rundt omkring i bygda før 17. mai slik me pleier.

Det har ikkje vore eit fullt så hektisk veg-år i og med at me ikkje fekk midlar frå fylket. Det betyr ikkje at me ikkje har jobba med vegen, og me har framleis trykk på FV 734, Vikeegen. Møter med Statens vegvesen og kommunen har blitt gjennomført. Den 10. september var Grendautvalet i møte med Statens vegvesen i Haugesund vedrørende Vossaplass-svingen med gang- og sykkelsti til sentrum. Fylket avsla kommunens sin søknad om ein kostnads kalkyle for dette prosjekt.

Den 11. november inviterte Grendautvalet til vegmøte på Gamlatunet i Vikebygd. Her møtte folk frå kommunen og Statens vegvesen. Tema var igjen FV 734, Vikeegen, frå Svendsbø til Vikebygd. Grendautvalet kom med forslag til delutbetringar som trafikkisikring av dette vegstykket. Me arbeider med å komme høgare opp på prioriteringslista til kommunen, som prioritet 1.

Grendautvalet har òg hatt fokus på lys og trygge vegar for syklende og gåande i den mørke årstida. Me har søkt om å sette opp lykter på allereie eksisterande stolpar opp til Alna samt at me ynskjer betre lyssetting langs Plassavegen slik at me har lys rundt heile "Nullen".

Grendautvalet har vore litt opptekne av brannvernet i Vikebygd. Me inviterte like godt brannsjefen til eit grendautvalsmøte for å få lufta litt tankar og idear. Me blei einige om å ha 2 mobiltelefonnummer til 2 bønder i bygda liggande i utrykkingsbilen i Skjold. På den måten kan dei gje raskt beskjed om vatn-forsyningar/mobilisering av møkkavogner med vatn o.l. ved ein eventuell brann.

Status prosjekter 2013-2014

Prosjekt Vossasvingane med g/s:	Pågår
Prosjekt delutbetring av Vikevegen:	Pågår (frå Svendsbø til Vossaplass)
Prosjekt Vossasvingbrua/kulvert:	Pågår, ny kulvert er på trappene
Prosjekt Bryggjebakken:	Pågår, grillhytta skal settast opp
Prosjekt lys opp Alnavegen:	Pågår, søknad sendt
Prosjekt lys Plassavegen v/sjøen:	Pågår, søknad sendt
Prosjekt Informasjonsskilt v/Joker:	Pågår, er under utarbeiding

Forslag til Handlingsplan for 2014-2018

- Vossasvingane - Gang- og sykkelsti til Vikebygd sentrum
- Vidare arbeid med utbetring av FV 734, Vikevegen (delutbetringar)
- Gang- og sykkelsti frå Vossasvingbrua til Dommarsnes m/lyktestolpar
- Skoging i bygda, dugnad
- Oppgradering av Plassaelva m/gangsti, sitteplassar og lyssetting
- Gang- og sykkelsti m/lyktestolpar frå Bygdahuset til Kvamme
- Informasjonsfolder for Vikebygd
- Dommarsnes Industriområde, rydding/skoging/tilrettelegging m.m. (kommunen)
- Arbeida aktivt for å få fleire innbyggare til bygdå,

Rekneskap Vikebygd Grendautval pr. 17.11.2014

Bilag	Dato	Tekst	Inntekt	Utgift	Resultat
	01.01.14	Inngående balanse frå 2013	71.704,60		
300	30.04.14	Støtte til drift frå Vindafj. kommune	5.375,00		
301	06.05.14	P201 Støtte frå Vikebygd Bondelag	2.500,00		
301	36.05.14	P201 Støtte frå Vikebygd Bondelag	10.000,00		
302	30.05.14	P201 Støtte frå Stift. Liv&Th.Bakkevig	50.000,00		
303	04.06.14	Forskudd støtte frå VAF til P201	81.000,00		
304	20.08.14	P201 Støtte frå Ålfjordens Venner	29.467,27		
305	30.09.14	Gebyr		4,00	
100	31.01.14	Gebyr, nettgiro Type 203		4,00	
101	25.04.14	P201 Bryggjebakken «stein»		63.425,00	
102	30.04.14	Gebyr Nettgiro Type 204		4,00	
102	30.04.14	Girokvitteringer		15,00	
102	30.04.14	SMS-varsling 1		3,00	
103	14.05.14	Ødegård Plantesalg, beplanting		3.000,00	
104	14.05.14	Årsavgift frivillighetsregisteret		135,00	
105	31.05.14	Gebyr		2,00	
105	31.05.14	Gebyr		4,00	
105	14.06.14	Graving og mur. P201 kyrkjebakken		110.248,00	
107	15.06.14	Arbeid kyrkjebakken. 7.kl v/E. Olsen		2.500,00	
108	30.06.14	Gebyr		8,00	
108	01.07.14	Gebyr		3,00	
109	21.09.14	Graving og mur. P201 Kyrkjebakken		40.419,00	
110	31.08.14	Gebyr SMS-varsling		3,00	
		Saldo	250.046,87	219.786,00	30.260,87
		Øyremerka midlar			
	15.05.12	Riving av gamleskulen disponerast til Bryggjebakken P201			32.236,00
	07.08.13	Gåve til prosjekt bryggjebakken			20.000,00
	30.09.05	Gåve til prosjekt bryggjebakken (bade plass) P201			10.000,00
		Revidert rekneskap pr. 17.11.2014			
		Inngående balanse frå 2013			71.704,60
		Inntekter 2014			178.342,27
		Utgifter 2014			-219.786,00
		Balanse pr. 17.11.2014			30.260,87

Prosjektrekskap P201 Bryggjebakken

Bilag	Dato	Tekst	Inntekter	Utgifter	Disponibelt
301	14.05.14	Støtte frå Bondelaget	10.000,00		
301	14.05.14	Støtte frå Bondelaget	2.500,00		
303	04.06.14	Tilskudd.VAF: 50% inntil Kr 271420,00	81.000,00		
304	20.08.14	Støtte frå Ålfjordens Venner	29.467,27		
		Hovudbok:			
	15.05.12	Riving av gamleskulen			
		Disponeres til bryggjebakken P201	32.236,00		
	07.08.14	Gåve til Bryggjebakken	20.000,00		
	30.09.14	Gåve til Bryggjebakken P201			
		bade plass	10.000,00		
	10.04.14	Støtte frå Bakkevig fondet	50.000,00		
101	25.04.14	P201 Bryggjebakken «stein»		63 425,00	
105	14.06.14	Graving/muring		110.248,00	
106	15.06.14	Arbeid 7.klasse		2.500,00	
109	21.09.14	Graving/muring		40.419,00	
		Saldo	253.203,27	216.592,00	18.611,27

Note: Me får utløyst resterande støtte frå VAF på kr 54.000,00 ved bygging av grillhytta.

Rekneskap er revidert og kontrollert av:

Gunnar Birkeland
Atle Barane

Trykking årsmøte-foldar er sponsa av:

